



Byrådssak /25


Saksframstilling

Vår referanse: 2022/130576-40

Åsane. Gnr. 188 Bnr. 497 mfl., Myrdal idrettspark, arealplan-ID 64430000 - Endring av detaljregulering

Kva saka gjeld:

Sweco Norge AS har på vegne av Etat for utbygging foreslått endring av detaljregulering for Myrdal idrettspark, vedtatt 30.05.2018. Planområdet ligg ved Myrdal i Åsane bydel.



Figur 1: Planområdet.

Området er i dag opparbeidd og ferdigstilt i tråd med hovudintensjonane i gjeldande reguleringsplan. Det har i løpet av bygge- og anleggsperioden vore behov for å gjere mindre justeringar og tilpassingar til området for å oppnå betre og meir heilskaplege løysingar. Det er gitt rammeløyve og dispensasjonar til desse endringane. Føremålet med reguleringsendringa er å få gjeldande reguleringsplan til å samsvare med korleis området er opparbeidd.

I plankartet er det gjort mindre justeringar i føremålsgrenser mellom torget ST1 og føremålet for idrettsanlegg BIA2. Nettstasjon/trafo som var regulert inn som o_BE er ikkje bygd då det ikkje er behov for den, og den er derfor fjerna i endringsforslaget. Det er òg gjort mindre endringar på utforming av rundkøyring. Eigarform for torget er endra frå offentlig til privat og

Nord i planområdet er det gjort endringer for å få eit større, samanhengande grøntområde, og betre tilrettelegging for mjuke trafikantar. Nordaust i planområdet er det gjort endringer knytt til gang- og sykkelveg og køyreveg. Gang- og sykkelveg SGS1, SGS4 og SGS5 har fått endra eigarform frå offentlig til privat/felles.



Figur 6 og 7: Utsnitt frå gjeldande plan til venstre og utsnitt av endringsforslaget til høgre.

Det er òg gjort mindre justeringar og føreslått fire nye føresegner:

- 6.3: «Torg ST1-2, skal etableres som åpne og allment tilgjengelige plasser»
- 6.3.1: «Varelevering og utforming av avkjørsel fra offentlig veg skal godkjennes av rette vegmyndighet.»
- 6.8: «Veg, f_SV1, skal opparbeides ihht. plankart. Utforming av avkjørsel fra offentlig veg skal godkjennes av rette vegmyndighet.»
- 7.2: «Innenfor angitt grønnstruktur kombinert med andre angitte hovedmål (3900) kan det etableres parkområde og vannspeil i tråd med formålet.»

Planprosess og medverknad:

Endringsforslaget er sendt til råka parter og mynder og det kom inn ein privat merknad og to uttaler frå høyringsinstansar. Det er det i hovudsak vist til følgjande:

- Nabo og eigar av gnr. 118, bnr. 11 ønskjer ikkje at avkøyrsløp i plankartet til hans eigedom skal erstattast med avkøyrsløp. Naboen fryktar at det kan føre til problem med tilkomst til eigedomen.
- Vestland fylkeskommune ønskjer ikkje at avkøyrsløp blir erstatta med avkøyrsløp i plankartet. Dei ønskjer heller ikkje auka parkeringsdekning i planområdet.
- Bymiljøetaten (BME) ønskjer at o_SPP1, o_SPP2, o_SGS1, o_SGS4 og o_SGS5 og må bli regulert med eigarform som privat/felles. BME tilrår også at f_SV1 endrar føremål til gang- og sykkelveg.
- BME vurderer at varelevering i snusløyfe, jf. føresegn § 6.3.1 femte ledd vil kome i konflikt med gangveg, sykkelveg og køyrande trafikk.

Etter høyringa er endringsforslaget justert. Endringane kan oppsummerast til følgjande punkt:

- Avkøyrsløypene er tatt ut, og avkøyrsløype f_SV1 samsvarar med avkøyrsløype i gjeldande plan.
- Parkeringsplassane o_SPP1 og o_SPP2 har endra eigarform frå offentleg til privat/felles.
- Gang- og sykkelveg o_SGS1, o_SGS4 og o_SGS5 har endra eigarform frå offentleg til privat/felles.
- Køyreveg f_SSV1 i gjeldande plan er endra til gang- og sykkelveg i plankartet. Nytt feltnamn er f_SGS8.
- Føresegn 6.3.1 er supplert med setninga «Varelevering og utforming av avkjørsel frå offentlig veg skal godkjennast av rette vegmyndighet».
- Det er utarbeidd naturmangfoldrapport.

Fagetaten si vurdering og anbefaling:

Plan- og bygningsetaten (PBE) har som fagetat utarbeidd eit grundig fagnotat i saka. I det følgjande er dei viktigaste vurderingane gjort greie for. For meir detaljerte opplysingar om PBE sine vurderingar blir det vist til fagnotatet i sin heilskap.

PBE vurderer at vilkåra for at endringa skal kunne bli behandla etter forenkla prosess etter plan- og bygningslova § 12-14 andre ledd er oppfylt. Det blir vist til at planområdet er bygd ut, tatt i bruk og har fått midlertidig bruksløyve. PBE vurderer at endringane som er skildra i samband med planendringa har vore nødvendige for at området skal kunne bli overtatt og drifta av Etat for idrett. PBE har vurdert endringsforslaget opp mot prinsippa i naturmangfaldlova, jf. § 7, jf. §§ 8 til 12 og vurderer at prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8 til 12 er tilstrekkeleg følgd i planarbeidet.

PBE sluttar seg til endringsforslaget og tilrår følgjande vedtak:

«1. I medhold av plan- og bygningsloven § 12-14 vedtas følgjande forslag til endring av detaljregulering:

a. Åsane, Gnr. 188, Bnr. 492 mfl., Myrdal idrettspark. Arealplan-ID, vist på plankart, sist datert 27.01.2025.

b. Tilhørende reguleringsbestemmelser sist datert 27.01.2025.»

Økonomiske konsekvensar:

Saka har ingen økonomiske konsekvensar for Bergen kommune.

Byråden si vurdering og tilråding/konklusjon:

Endring av reguleringsplan skal som utgangspunkt følgje dei same føresegnene som ved utarbeiding av ny plan, jf. pbl. § 12-14 første ledd. Det inneber at endringar i planen i utgangspunktet må bli vedtatt av kommunestyret (bystyret) i samsvar med saksbehandlingsreglane i §§ 12-8 til 12-12.

Det finst unntak frå denne hovudregelen i § 12-14 andre ledd. Her går det fram at kommunestyret kan delegera mynda til å treffe vedtak om endringar i reguleringsplanen når «endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går utover hoveddrammene i planen, og heller ikkje berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder». Den aktuelle planendringa er vedtatt med heimel i denne føresegna i § 12-14 andre ledd, der byrådet har delegert fullmakt til å fatte vedtak.

Byråden er positiv til planendringa som sikrar at plangrunnlaget er i tråd med dei løysingane som er opparbeidd. Justeringane som er gjort i gjennomføring av reguleringsplanen gir betre og meir hensiktsmessige løysingar i planområdet for Myrdal idrettspark, og sikrar mellom anna betre forhold for mjuke trafikantar i området. Byråden sluttar seg til PBE sine vurderingar og tilrår at endringsforslaget blir vedtatt.

Vedtakskompetanse:

Det går fram av punkt 13 avsnitt 15 i Byrådets fullmakter som kollegium vedtatt av byrådet 22.04.2021 i sak 1119/21 og oppdatert av byrådet 08.05.2025 i sak 1103/25 at: Byrådet treffer vedtak etter plan- og bygningsloven § 12-14, 2. ledd om endringer i reguleringsplan når endringene i liten grad vil påvirke gjennomføringen av planen for øvrig, ikke går ut over hoveddrammene for planen, og heller ikke berører hensynet til viktige natur- og friluftsområder.

Byråd for byutvikling innstiller til byrådet å fatte følgende vedtak:

Med heimel i plan- og bygningslova § 12-14 blir følgende forslag til endring av detaljregulering for Myrdal idrettspark (arealplan-ID 64430000) vedtatt:

- a) Åsane, Gnr. 188, Bnr. 492 mfl., Myrdal idrettspark. Arealplan-ID 64430000, vist på plankart, datert 27.01.2025.
- b) Tilhørende reguleringsføresegner, datert 27.01.2025.

Dato: 30. september 2025

Eivind Nævdal-Bolstad
Byråd for byutvikling

Dokumentet er godkjent elektronisk.

Vedlegg:

Fagnotat datert 23.05.2025, med følgende vedlegg:

- 1. Plankart datert 27.01.2025
- 2. Reguleringsbestemmelser datert 27.01.2025
- 3. Planbeskrivelse datert 27.01.2025
- 4. Merknadsskjema datert 27.01.2025
- 5. Illustrasjonsplan datert 20.01.2025
- 6. Notat naturmangfold datert 23.09.2024